

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 04.03.2022
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug m. fleire
SAKA GJELD: **Rapportering frå verksemda per januar 2022**

ARKIVSAK: 2022/286
STYRESAK: 029/22

STYREMØTE: 23.03.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2022 til etterretning.

1. Kva saka gjeld

Rapporten presenterer rapportering frå verksemda per 31. januar 2022.

Grunna pandemien vil nokre av indikatorane knytt til kvalitet og aktivitet bli samanlikna med tilsvarande tal frå 2019.

2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

Målekort

Målekort Helse Vest - januar 2022		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	67	50	
	Ventetid - VOP	45	49	40	
	Ventetid - BUP	40	54	35	
	Ventetid - TSB	35	31	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			9,40 %		
Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			69 %		
Korridorpasienter somatikk			1,70 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 299	13 281	0,1 %
	Dagopphold		6 194	5 717	8,3 %
	Poliklinikk		117 973	113 815	3,7 %
Psykiatri	Døgnopphold		917	796	15,2 %
	Dagopphold		86	57	50,9 %
	Poliklinikk		44 785	40 873	9,6 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		108	109	-0,9 %
	Dagopphold				
	Poliklinikk		7 303	7 937	-8,0 %
Bemanning	Brutto månedsverk		24 364	23 589	3,3 %
	*Sykefravær	5,5 %	8,8 %	8,2 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap	Budsjett	Avvik
		-	27 922	73 828	-101 751

*Tal for sjukefravær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare i påfølgande rapporteringsmånadar.

Prioriteringsregelen

Helse Vest nådde ikkje målsettinga for ventetid for fagområda psykisk helsevern vaksne (PHV), barne- og ungdomspsykiatri (BUP) eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) for januar.

Mål for aktivitet per januar er ikkje nådd for TSB. For psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn- og unge er Helse Vest førebels i tråd med måla i prioriteringsregelen, med høgare prosentvis aktivitetsvekst enn innan somatikken.

Vekst aktivitet per januar 2022 mot 2021	
Antall polikliniske konsultasjonar somatikk	3,2 %
Antall polikliniske konsultasjonar PHV	7,9 %
Antall polikliniske konsultasjonar BUP	10,4 %
Antall polikliniske konsultasjonar TSB	-8,0 %

*Tal frå datavarehuset. Ikkje inkl. ideelle sjukehus og tala samsvarer difor ikkje heilt med målekortet.

Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for “behandling starta” for alle fagområde var 65 dagar i januar. Dette er ei auke på nær 4 dagar frå førre månad, og om lag 2 dagar høgare enn gjennomsnittet for januar 2019. Historisk har ventetidene vore høge i januar etter lågare aktivitet i julehøgtida, for så å gå litt ned dei følgjande månedane. For pasientar som framleis ventar på behandling var det samla sett ein liten nedgang i dei gjennomsnittlege ventetidene. I januar er både ventetider og fristbrot påverka den lågare elektive aktiviteten grunna pandemi, høgt sjukefravær og ferieavviklinga.

Framover vil pandemien og konsekvensane den fortsatt kan få for elektiv verksemd kunne påverke ventetider og fristbrot. Det pågår eit omfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktane som blir utsett som følgje av pandemien. Helseføretaka er i gang med fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll- og oppfølging eller planlagt elektiv aktivitet).

Innan somatikk var ventetida i januar nær 67 dagar, noko som er høgare enn i desember, og 3,5 dagar høgare enn gjennomsnittet for januar 2019. Alle dei fire helseføretaka hadde ei gjennomsnittleg ventetid som var høgare enn det regionale målet på 50 dagar. Den lågaste ventetida finn ein i Helse Bergen HF med 61 dagar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida i januar om lag 49 dagar i gjennomsnitt, noko som er ei markant auke frå førre månad. Dette er og kring 5 dagar høgare gjennomsnitt i same månad i 2019, og utanfor målkravet på 40 dagar. Av dei fire helseføretaka var det berre Helse Førde HF (40 dagar) som hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 40 dagar eller lågare for dei som starta behandling i januar.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetidene i januar om lag 54 dagar, noko som er eit godt stykke unna målet om 35 dagar. I januar hadde Helse Bergen ei gjennomsnittleg ventetid på 43 dagar, medan dei tre andre HF-a låg markant høgare. Til

samanlikning var den samla gjennomsnittlege ventetida i januar 2019 på om lag 40 dagar. Det har vært ei auke i tal tilvisingar til BUP sidan hausten 2020.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var ventetida for helseføretaka 31 dagar i januar, noko som er svært nær det regionale målet på 30 dagar.

Prosentdelen fristbrot for dei som har fått starta helsehjelpa var på sitt høgaste i mai 2020, med ein prosentdel på 12 %. Derfrå gjekk prosentdelen ned i fleire påfølgjande månader, og var nede på 4,2 % i desember 2020. Fram til juli 2021 har prosentdelen fristbrot heldt seg stabilt kring 5- 6 %, for så å stiga igjen. I januar 2022 steig prosentdelen til 6,3 %. Til samanlikning var prosentdelen fristbrot på 3,6 % i januar 2019.

Prosentdelen ventande med fristbrot har gått gradvis ned frå 6,6 % i august 2021 til 4,5 % i november, prosentdelen steig i desember, men gjekk ned til 5 % i januar 2022.

Som tidlegare rapportert er det framleis ein del variasjon i prosentdelen fristbrot for behandling starta mellom helseføretaka, og i januar varierer delen frå 3 % til 12 %. Kring 99 % av alle fristbrota har funne stad innan somatikk.

Pasientbestemte utsettingar og medisinsk grunna utsettingar blir ikkje registrert som fristbrot. I dei tilfella der helseføretaka utsett utgreiing og behandling på grunn av kapasitet/prioritering/beredskapsarbeid, blir dette registrert som fristbrot dersom fristdato er overskriden.

Ein gjennomgang viser at trenden for langtidsventande (>365 dagar) i hovudsak har peikt nedover sidan januar 2021 (715 langtidsventande), og talet ved utgangen av januar 2022 var 211 langtidsventande. Arbeidet med å redusere dette held fram.

Kreftbehandling

Det er stilt krav om at minimum 70% av alle kreftpasientar skal være meldt inn og registrert i pakkeforløp kreft. Helse Vest har stabilt god måloppnåing for dette kravet, og når 82 % i januar måned.

Samla resultat for gjennomføring av pakkeforløp i Helse Vest er i januar på 69 %. Dette er rett under kravet på 70 % og ein nedgang frå desember 21 då resultatet var 75 %. Januar-resultatet skil seg ut frå føregåande månader. For heile 2021 har Helse Vest eit resultat på 77%. Den negative utviklinga gjelde alle HF, men Helse Stavanger har eit resultat på 72%. Hovudgrunnen til at regionen samla ikkje når målet er at Helse Bergen som har flest pakkeforløp, ligg på 69% i januar. For mange forløp er det få pasientar per måned og resultat må derfor sjåast i lys av det. Helse Vest vil uansett ta dette opp med helseføretaka i dialogmøta. Vidare er det behov for ta opp resultat for pakkeforløp brystkreft med Helse Førde og Helse Fonna. Helse Vest har samla hatt gode resultat for pakkeforløp kreft i 2021,

men det er framleis behov for å følgje resultatane nøye gjennom regionalt forbettringsarbeid som held fram i 2022.

Tabellen under viser ei utvikling av resultatet for heile regionen fram til og med januar 2022, og rangerer forløpa målt i talet på forløp. I tillegg er resultatane vektne.



*Første kvartal, 2022 er ikke ferdigrapportert. For dette kvartalet vises kun data til og med januar 2022. Nye månedstall mottas omtrent 8-12 dager etter månedsslutt.


Vektet gj.snittlig måloppnåelse for Helse Vest RHF: OF4 - Tid fra start pakkeforløp til start behandling

Tidsperiode	2021			Første kvartal, 2022*		
	Indikator	Ant.	Var. HF	Indikator	Ant.	Var. HF
Pakkeforløp						
Brystkreft	69 %	884	56% - 100%	74 %	78	0% - 93%
Prostatakreft	73 %	859	35% - 98%	64 %	89	25% - 75%
Malignt melanom	90 %	806	84% - 100%	79 %	52	68% - 100%
Tykk- og endetarmskreft	73 %	794	57% - 85%	65 %	57	24% - 100%
Lungekreft	73 %	566	58% - 79%	78 %	50	20% - 100%
Blærekreft	92 %	367	84% - 99%	75 %	20	50% - 88%
Lymfomer	73 %	190	64% - 100%	53 %	19	20% - 100%
Nyrekreft	74 %	169	67% - 80%	38 %	13	20% - 67%
Hode- halskreft	67 %	169	50% - 74%	78 %	9	71% - 100%
Livmorkreft (endometrie)	83 %	154	79% - 91%	76 %	17	67% - 100%
Buspyttkjertelkreft	82 %	115	62% - 90%	54 %	13	0% - 100%
Eggstokkreft (ovarial)	87 %	118	84% - 100%	100 %	5	100% - 100%
Kreft i spiserør og magesekk	87 %	100	67% - 92%	75 %	4	50% - 100%
Skjoldbruskkjertelkreft	48 %	67	0% - 67%	17 %	6	0% - 20%
Hjernekreft	87 %	62	67% - 100%	100 %	4	100% - 100%
Livmorhalskreft (cervix)	63 %	59	53% - 100%	75 %	4	75% - 75%
Myelomatose	80 %	59	67% - 100%			
Testikkelkreft	65 %	54	50% - 83%	67 %	3	50% - 100%
Sarkom	79 %	33	79% - 79%	60 %	5	60% - 60%
Kreft hos barn	79 %	34	75% - 100%	67 %	3	0% - 100%
Nevroendokrine svulster	82 %	28	71% - 100%	100 %	3	100% - 100%
Galleveiskreft	96 %	26	86% - 100%	0 %	1	0% - 0%
Peniskreft	81 %	26	75% - 100%	100 %	1	100% - 100%
Primær leverkreft (HCC)	53 %	17	38% - 67%	0 %	1	0% - 0%

Indikatorverdien er samlet for hele Helse Vest RHF, beregnet på bakgrunn av indikatorverdiene for hvert HF (Haraldsplass, Bergen, Fonna, Førde, Stavanger, "Privat Vest HF"). "Ant." er totalt antall pasienter aktuelle for valgt indikator (indikatorens nevner). "Var. HF" viser indikatorverdien for HFet med lavest måloppnåelse og indikatorverdien for HFet med høyest måloppnåelse.

Aktivitet

Figuren under viser den samla utviklinga i tal sjukehusopphald (døgn- og dagopphald) og polikliniske konsultasjonar per måned i 2019, 2020, 2021 og 2022. Veksten i 2021 var i all hovudsak innan poliklinisk behandling. I januar 2022 var den samla aktiviteten høgare enn same måned i dei to av dei tre føregåande åra, og på tilnærma same nivå som i 2020.



Somatikk

Per januar 2022 var den samla aktiviteten hittil i år (døgn, dag og poliklinikk) 1,3 % høgare enn til same tid i 2019. Ser ein på aktiviteten per omsorgsområde samanlikna med 2019 så er aktivitetsutviklinga -9,5 % for døgnopphald, -2,9 % for dagopphald og 2,9 % for polikliniske konsultasjonar. Bruken av telefon- og videokonsultasjonar har bidrege til at nedgangen er mindre på poliklinikkane.

Psykisk helsevern

I psykisk helsevern for vaksne var aktivitetsnivået per januar 2022 -1,4 % lågare for døgnbehandling, og -4,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn i 2019.

I psykisk helsevern for barn og unge er behandlinga i all hovudsak poliklinisk. Per januar 2022 var det polikliniske aktivitetsnivået 6,3 % høgare enn i 2019. Sjølv om talet pasientar er lågt, så er talet utskrivne etter døgnbehandling innan BUP prosentvis markant høgare enn i 2019.

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per januar 1,7 % høgare for døgntil behandling og -0,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn per januar 2019.

TSB

Per januar 2022 var den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka -14,6 % lågare enn i 2019. Når det gjeld døgntil behandling så var aktiviteten -1,8 %.

Telefon- og videokonsultasjonar

I oppdragsdokumentet for 2022 skriv Helse- og omsorgsdepartementet at prosentdelen polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon skal vere over 15 %.


Helse Vest hadde den høgaste prosentdelen konsultasjonar over video og telefon rett etter at pandemien byrja, med om lag 31 % av konsultasjonane i april 2020. Sidan då har prosentdelen elektroniske konsultasjonar variert mellom 7-13 %. I januar 2022 samla sett var om lag 2 % av konsultasjonane videokonsultasjonar og 10 % telefonkonsultasjonar. Ser ein på dei fire helseføretaka så varierte prosentdelen i januar frå 11 - 13 %.

Det er relativt stor forskjell i bruken av digitale konsultasjonar mellom de fire fagområda. Innan somatikk var den samla prosentdelen 9 % i januar. Innan Psykisk helsevern for vaksne (PHV) og psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var delen høvesvis 16 % og 24 %, medan den var 28 % innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i januar 2022. Ver merkksam på at elektroniske konsultasjonar har hatt finansiering lengre tid innan psykisk helsevern og TSB, enn innan somatikk.

Sjukefråvær

Per februar 2022 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 8,90 %. Sjukefråværet har i periodar vært sterkt prega av pandemien. Dei siste vekene har svært mange medarbeidarar vært heime frå jobb grunna eige sjukefråvær eller for sjukdom/smitte i familien. Talet har variert opp til om lag 4 100 medarbeidarar per dag, av ulike fråværsgrunner.

Utvikling over tid for sjukefråværsprosent i februar:



Fleire av føretaka har krevjande dag til dag planlegging. Det er og viktig å understreka at fråværet kan ramme forskjellig mellom einingane i føretaka. Helseføretaka har eit tydeleg fokus på smitteverntiltak. Om lag 76 % av alle medarbeidarar i føretaksgruppa Helse Vest har fått tredje dose. Det er og medarbeidarar som har fått tilbod om vaksine gjennom kommunane.

HMS/kvalitet

Per januar 2022 vart det registrert 837 saker på HMS området. Ikkje alle sakene er ferdig kategoriserte, tal saker som endeleg blir fordelt til HMS området kan endra seg etter kvart som dei er endeleg kategorisert *på type* hending. Per januar 2021 var 925 saker klassifisert "hendelsestype" HMS området. Helse Vest følgjer opp alvorlege HMS hendingar i månadlege møter med føretaka.

Av dei 837 sakene som var kategorisert på HMS området, var 130 på hendingstype *vald og truslar* og 17 var kategorisert på *trakassering mot tilsette*. Til samanlikning var 245 kategoriserte på hendingstype *vald og truslar* hittil per januar 2021. Det var registrert 5 truslar om drap per januar 2022, medan det var registrert 22 truslar om drap for same periode i 2021. Truslar om vald per januar 2022 var 9, medan det var 45 truslar om vald i same periode 2021.

"Uønskete hendingar – pasientrelatert samla" var per januar 2022 totalt 1 605. Det er 73 fleire tilfelle samanlikna med same periode 2021. Meldte saker "*Ide til forbetring*" per januar 2022 var 164. I same periode 2021 var det 218 meldte saker "*Ide til forbetring*".

Økonomi

Det samla resultatet for føretaksgruppa for januar 2022 er på – 27,9 mill. kroner, som er 101,8 mill. kroner lågare enn budsjettert. Det er alltid usikkerheit rundt det økonomiske resultatet for januar. Føretaka har hatt stor fokus på avslutning av rekneskapen for 2021 og er ikkje like detaljert med omsyn til avsetjingar og periodiseringar den første månaden. I tillegg er resultatet sterkt påverka av Covid 19 konsekvensar samtidig som dei fleste føretaka ikkje har nådd å innarbeide økonomisk kompensasjon for Covid 19 i rekneskapen for januar. Det blir gitt ei nærmare omtale av dette nedanfor.

Resultatet per januar er som følgjer per føretak:

	Januar 2022		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	-12 605	18 833	-31 438
Helse Fonna	-35 570	-1 667	-33 903
Helse Bergen	-19 842	8 000	-27 842
Helse Førde	-8 179	2 500	-10 679
Sjukehusapoteka VEST	894	232	662
Helse Vest IKT	-3 134	-2 226	-908
Helse Vest Morselskap	50 514	48 155	2 358
Til saman	-27 922	73 828	-101 751

Alle tal i heile tusen

Hovudårsaka til dei negative avvika er Covid-19. Helseføretaka har rapportert om ein samla negativ økonomisk konsekvens av Covid-19 for januar som er på – 117 mill. kroner, kor reduserte ISF inntekter utgjer omlag 48 mill. kroner. Helse Fonna har eit særleg stort avvik, noko føretaket rapporterer i all hovudsak kjem av høge kostnader forbundne med pandemien og nest etter det tapte inntekter på grunn av pandemien.

Regjeringa vil følgje utviklinga av Covid-19 og aktiviteten gjennom våren, og kome tilbake til eventuell handtering av meir kompensasjon for Covid-19 i samband med revidert nasjonalbudsjett. Dersom ein legg til grunn at bortfall av ISF inntekter som følgje av Covid-19 blir kompensert i revidert nasjonalbudsjett, vil resultatavviket for januar bli redusert frå minus 101,8 mill. kroner til om lag 53 mill. kroner.

I tillegg har ikkje helseføretaka, med unnatak av Helse Stavanger, nådd å inntektsføre kompensasjon for øyremerka tilskot til kompensasjon for auka kostnader til Covid-19 for januar månad.

Desse forholda kan illustrerast i følgjande tabell:

	Januar 2022			Herav Tapt ISF inntekt	Resultatavvik Korrigert for tapt ISF	Tildelt Covid 19 midlar	
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik			Sum våren 2022	Inntekts-ført januar
Helse Stavanger	-12 605	18 833	-31 438	-25 000	-6 438	58 234	11 977
Helse Fonna	-35 570	-1 667	-33 903	-8 432	-25 471	31 577	
Helse Bergen	-19 842	8 000	-27 842	-15 000	-12 842	79 849	
Helse Førde	-8 179	2 500	-10 679		-10 679	21 754	
Sjukehusapoteka VEST	894	232	662		662		
Helse Vest IKT	-3 134	-2 226	-908		-908		
Helse Vest Morselskap	50 514	48 155	2 358		2 358	79 786	
Til saman	-27 922	73 828	-101 751	-48 432	-53 319	271 200	11 977

3. Administrerende direktør si vurdering

For psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn- og unge, så er Helse Vest i tråd med prioriteringsregelen når det gjeld aktivitet, men ikkje for tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same månad i 2019 er det ein nedgang i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 9,5 % og 2,9%. Tal ISF-konsultasjonar er 2,9 % høgare enn tilsvarande tal frå 2019 .

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per januar 1,7 % høgare for døgnbehandling og 0,6 % lågare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten 6,3 % høgare enn i same periode i 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er lågare enn same periode i 2019.

I januar 2022 samla sett var om lag 2 % av dei polikliniske konsultasjonane viedokonsultasjonar og 10 % telefonkonsultasjonar.

Ventetider (behandla) gikk opp innan somatikk, psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn og unge frå desember til januar, og er høgare enn same månad i 2019.

Prosentdel fristbrot for dei som har fått starta helsehjelp gjekk frå 5,5 % i desember til 6,3 % i januar. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet for januar viser eit negativt avvik i forhold til budsjettet, men det er stor usikkerheit knytt til resultatet sidan føretaka har hatt stor fokus på avslutning av rekneskapen for 2021 denne månaden.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar